

**Vil Uskedal Båtlag no melde seg inn som medlem i Kongelig Norsk Båtforbund ? Det er i alle fall ein av postane under årsmøtet tysdag på KV (før AFA), eit møte som får ei lang og fylldig sakliste. Før det vert fatta noko vedtak om eventuelt medlemskap vil medlemmene få ein grundig orientering om KNBF som er den einaste landsdekkjande interesseorganisasjon for båtfolk her i landet. Organisasjonen har no 200 medlemsforeningar og 30 000 medlemmar!**

På heimesida til KNBF vert det slege fast at ved at enda fleire meldar seg inn vil båtfolket stå enda betre rusta til å hindra nye avgifter og reguleringar som ikkje gavnar fritidsbåtkarane. Organisasjonen har mykje av æra for at forslaget til nye avgifter er stilt i bero.

Av medlemmene er 5 000 personlege og 25 000 tilslutta via ein båtforening.

KNBF strekar under at å ha ein sterk organisasjon i ryggen er ein viktig føresetnad for å nå fram og påverka politikarar og myndigheiter.

Frå den lange lista med arbeidsoppgåver tar vi med at organisasjonen freister å hindra avgifter på å eige og bruka fritidsbåt og er partshjelpar i saka om eigedomsskatt på flytebyggjer. KNBF gir råd og vegleiing, er høringsinstans, profilerer på messer og i media og videreutviklar ordningen med besiktigelsesmenn, for berre å nemna noko.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Komplett utskifting av indre flytebrygge skal drøftast på årsmøtet (Foto: Ola Matti Mathisen)